



Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Vår dato: 30.09.2014
Deres dato: 27.06.2014

Vår referanse: 2008/291-405
Deres referanse: 200901539-19

Vår saksbehandler:
Håvard Hoftun, tlf. 32808730

Uvdalsvassdraget - Nore og Uvdal kommune - Buskerud fylke - høring av revisjonsdokument - revisjon av vilkår - uttalelse angående kulturminnehensyn

Me syner til høring av revisjonsdokument for Uvdalsvassdraget, revisjon av vilkår gjeve i Kgl. res. Av 12.05.1961 (Statsregulering av Uvdalsvassdraget) og Kronp. res. 13.11.1964 (Ytterligere overføring mv. i Uvdalsvassdraget).

Ettersom opphavleg konsesjon er gjeve etter år 1960, kjem ikkje ein revisjon av konsesjonsvilkåra i Uvdalsvassdraget inn under ordninga med sektoravgift under Olje- og energidepartementet, kap. 1820 Post 70, *Tilskudd til museums- og kulturminnetiltak*. Etter 1960 er skal det ha blitt sett inn standardvilkår om undersøkingsplikt i vilkåra, noko som og vart gjort i Uvdalsvassdraget. Det vart gjennomført registrering og utgraving av fleire lokalitetar i 1962, jmf. *Innberetning om Arkeologiske undersøkelser 1962 i Imingdalen, Uvdal S. Nore PGD. Buskerud* – utført av Thor S. Eikhom. Konsesjonæren har ut frå dette oppfylt undersøkingsplikta før utbygginga byrja.

Til grunn for dei vurderingane som er gjort ligg OED sine *Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringer*. Fylkeskommunen har vurdert kva som er gjort av undersøkingar tidlegare, og sett desse opp mot eventuelle uforutsette ulemper etter om lag femti års regulering.

Kulturminneomsyn – automatisk freda kulturminne

Som det er skildra i revisjonsdokumentet kapittel 2, omfattar Uvdalsutbygginga kraftverka Uvdal 1 og Uvdal 2. Uvdal 1 utnyttar fallet frå Sønstevatn ned mot dalbotnen i Uvdal, medan Uvdal 2 utnyttar eit mindre fall frå Fønnebjøfjorden ned mot Rødberg. Sønstevatn er det største vassmagasinet i det regulerte vassdraget med ei reguleringshøgde på 31,1 meter. Sønstevatn er og det einaste vatnet som er regulert opp frå opphavleg strandnivå. Tøddølvatnet og Damtjern er kun nedtappingsmagasin. Fønnebjøfjorden er og eit nedtappingsmagasin, men har opphavleg vore gjenstand for omfattande redusert vassmengde i samband med tiltak lenge før kraftutbygginga (utdrenering for jordbrukstiltak ved Uvdalsøyane kring 1920-30).

Sett ut frå at det berre er i Sønstevatn reguleringa har påverka kulturminne i strandsona direkte, er det og kun her det er gjennomført arkeologisk arbeid i samband med utbygginga. Kraftstasjonar og overføringsløp mellom vatna ligg elles hovudsakleg i fjell.

I revisjonsdokumentet syner ein i kapittel 7. til at det er gjennomført arkeologiske utgreiingar i samband med sjølve utbygginga i 1962, men og i samband med ombygging av dam Sønstevatn i 2012/13 (vedlegg 1 og 2). I 1962 vart det, som revisjonsdokumentet og syner, kartlagt og gravd ut dyregraver, steinadlerbuplasser og hustuffer langs strendene ved det som den gong var Sønstevatn, Mevatn og Sjugudstjønn. Alle desse vatna utgjer i dag Sønstevatn. Storparten av dei kulturminna som vart registrert i 1962 ligg i dag kraftig neddemma, og er vanskeleg tilgjengelege med konvensjonelle arkeologiske metodar. Fagleg sett kan det argumenterast for at nye undersøkingsmetodar og nye forskings spørsmål nok vil kunne hente ut ny kunnskap frå dei tidlegare registrerte lokalitetane og eventuelle nye. Fylkeskommunen ser derimot ikkje dette som tilstrekkeleg for å framsetje nye krav til vesentleg ulempe for konsesjonæren ettersom området er undersøkt før. Krav om nye vilkår i samband revisjonar skal etter vårt skjønne haldast på eit rimeleg og avbøtande nivå.

I 2011 gjennomførte fylkeskommunen arkeologisk registreringsarbeid i samband med opprusting av dam Sønstevatn. Registreringa gjekk blant anna føre seg kring damfoten, men og langs stronda på austsida. Det vart fort klart at stronda kring tiltaksområdet låg så høgt over opphavleg strandlinje at potensialet for å påvise kulturminnelokalitetar frå steinalder vart lite. Det vart heller ikkje påvist kulturminne under denne registreringa (sjå vedlagt rapport).

O/U-prosjekt

Eventuelle O/U-prosjekt som i framtida kan realiserast må avklarast i høve til dei retningslinjene som kulturminnelova set. Tiltakshavar må ved planlegging av nye tiltak søke tidleg dialog med kulturminnevernet i fylket for å avklare tilhøvet til potensielle automatisk freda kulturminne.

Etter lov om kulturminner § 9 pliktar tiltakshavar ved planlegging av offentlege eller større private tiltak å få undersøkt om tiltaket vil virke inn på automatisk freda kulturminne. Inneber tiltaket konflikt med automatisk freda kulturminne, jmf. kulturminnelova sin § 3, er Riksantikvaren rette mynde til å dispensera frå dette forbodet, jmf. kulturminnelova sin § 8.

Avsluttande kommentar

Eit hovudpoeng i samband med denne revisjonen er at ein vanskeleg kan argumentere for at reguleringa har ført til nye skader eller ulemper for kjende kulturminne som ikkje og var openbare då vassdraget vart registrert i 1962. Ettersom dei då påviste kulturminna ligg djupt nede i vassmagasinet, kan ein heller ikkje argumentere for at manøvreringsreglementet og/eller erosjon mellom HRV og LRV har ført til vesentleg nye ulemper for kjende kulturminne som eventuelt ikkje er undersøkt, eller burde vore det etter dei krav som låg til grunn i vilkåra. Ettersom det relevante samanlikningsgrunnlaget ved ein revisjon som denne ikkje er situasjonen slik han var før reguleringa, men snarare den situasjonen som er i anlegget slik det framstår i dag, kan fylkeskommunen vanskeleg argumentere for at det bør krevjast vidare arkeologiske undersøkingar i Sønstevatn i samband med denne revisjonen.

Me gjer vidare merksam på at evntuelle nye tiltak som følge av nye reviderte vilkår og/eller O/U-prosjekt må avklarast i høve til kulturminnelova.

Med venleg helsing

Turid Kolstadløkken
teamleiar team kulturminnevern

Håvard Hoftun
arkeolog

Vedlegg

- 1 Fortidsminner i Imingdalen ved Universitetets Oldsakssamling - 1962
- 2 Arkeologisk registrering ved dam Sønstevatn - 2011

Kopi til:

Nore og Uvdal kommune		3630	Rødberg
Riksantikvaren	Postboks 8196 Dep	0034	Oslo
Kulturhistorisk museum UiO	Postboks 6762 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Fylkesmannen i Buskerud	Postboks 1604	3007	Drammen